



# PRINSIPPROGRAM

miljøpartiet  
dei grøne

---

Innleiing	3
1 Økologisk bærekraft	4
2 Eit mangfaldig samfunn	4
3 Grøn økonomi	5
4 Eit levande demokrati	5
5 Ein aktiv fredspolitikk	6
6 Like moglegheiter for alle	7
7 Digitale rettar	8
Avslutning	9

---

# INNLEIING

Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal underordnast sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar, er ein føresetnad for å nå målet.

Vi tek mål av oss til å utforme ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggande solidaritetsprinsipp: solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjonar og solidaritet med dyr og natur.

---

# 1 ØKOLOGISK BÆREKRAFT

Vi menneske er ein del av eit sårbart økosystem som utgjer eksistensgrunnlaget for alt liv. Å ta vare på naturen sitt mangfold er ein føresetnad for å sikre gode livsbetingelsar for menneske og andre artar. Grøn politikk handlar om å ta konsekvensane av denne erkjeninga. Ved å tilpasse energi- og ressursforbruket til naturen sine tolegrenser, vil vi skape ei framtid med reell tryggleik og varig velferd.

Av omsyn til naturen sin eigenverdi og prinsippet om rettferdig fordeling må vi vise måtehald i forbruket av naturressursar. Heller enn eit veksande materielt forbruk av begrensa ressursar, vil vi prioritere bevaring og restaurering av økosystem, artsmangfold og ressursgrunnlag. Difor legg Miljøpartiet Dei Grøne føre-var prinsippet til grunn for vår politikk. Det inneberer at vi skal sette miljøet først der det er ufullstendig kunnskap eller handlingar som potensielt kan ha irreversible og alvorlege konsekvensar.

## **Handling må til**

Vi står overfor alvorlege trugslar mot mangfaldet av liv på jorda, og dermed også vårt eige livsgrunnlag. Menneskeleg aktivitet legg beslag på store delar av verda sitt areal, og er i ferd med å utløyse irreversible klimaendringar. Utviklinga trugar fred, velferd, liv og helse, so vel som naturen sin balanse. Økologien - læra om samspelet i naturen - fortel oss at vi vert meir sårbare jo fleire menneske vi er, og jo større forbruk kvar og ein av oss har. Teknologiske framsteg kan i nokon grad vege opp for dette. Det er likevel naudsynleg å kombinere teknologisk utvikling med redusert forbruk og stabilisering av folketalet gjennom fokus på utdanning, rettferdig fordeling og trygge levekår.

## **Mennesket - samfunn og natur**

Miljøpartiet Dei Grøne har som utgangspunkt at menneska ikkje står heva over naturen, men er ein del av naturen. Vern av biologisk mangfold krev vern av leveområde, og det er ein føresetnad at vi menneske klarar å la nokre naturområde vere fri for våre inngrep. Dyr har ein eigenverdi og rettar som vi må respektere, og vi er moralisk forplikta til å behandle både det einskilde dyr og mangfaldet av liv og økosystem med respekt. Det er vårt ansvar å sørge for dyra sine moglegheiter til utfalding av artstypiske og individuelle behov. Dyra vi har teke til oss eller bringa under vår kontroll, er og ein del av mangfaldet i samfunnet, og skal respekterast for sitt eigeverd og sine grunnleggande behov, inkludert fridom frå menneskeleg påført lidning.

---

# 2 EIT MANGFALDIG SAMFUNN

Miljøpartiet Dei Grøne anser kulturelt mangfold som ein føresetnad for eit grunnleggande fritt og vitalt samfunn. Mangfold er ein føresetnad for å finne nye løysingar på kollektive og individuelle utfordringar. Vi grøne meinar at alle menneske har rett til å føreta eigne val, uttrykke seg fritt og forme eigne liv - men med respekt for andre sine liv og behov. Denne fridomena omfattar dei sosiale, kulturelle, intellektuelle og andelege aspekta i eit menneske sitt liv, so vel som dei materielle. Å sikre mangfaldet krev gjensi-

dig forståing, respekt og aktiv beskyttelse. Mangfald beskyttar mot intoleranse, ekstremisme og totalitære styresett, og er ei uunnverleg kjelde til inspirasjon og fornying. Det må imidlertid aldri nyttast som eit påskudd til å stille spørsmål ved menneskerettane. Miljøpartiet Dei Grøne tek avstand frå negativ diskriminering. Vi legg til grunn at ingen samfunn eller kulturar er statiske og einitydige, og at alle har potensial for positiv utvikling. Vi avviser forsök på å setje alle frå eit område eller ein kultur i same bås. Miljøpartiet Dei Grøne vil kjempe mot alle former for rasisme. Vi set personleg fridom høgt, men då ein grøn fridom der solidaritet og medkjensle set grensene for individuell fridom - ikkje omvendt.

---

## 3 GRØN ØKONOMI

Grøn økonomi forutset at økologiske og sosiale omsyn setjast føre kommersielle interesser. Dagens økonomi bygger på forhaldet mellom produksjon og forbruk, drive av ynskje om materialistisk velstand. Vi ynskjer ei systemendring der mennesket sitt grunnleggande behov er utgangspunkt for økonomien. Ved å sjå forbruk og produksjon som felles system, kan vi lettare redusere det totale forbruket og effektivisere ressursbruken i heile produktet sitt livsløp. Størst mogleg grad av gjenbruk og resirkulering er også viktig mål for ein ressursbasert økonomi.

Miljøpartiet Dei Grøne vil at mennesket si skaparkraft og engasjement skal utgjere drivkrafta i økonomien. Vi ynskjer å gje eit mangfold av små, lokalbaserte bedrifter, entreprenørar og samvirkeføretak større rom på bekostning av mektige multinasjonale selskap. Ein demokratisk og mangfaldig økonomi er desentralisert.

Ein god blandingsøkonomi forutset at velferdstenester, infrastruktur og naturallmenning må forvaltas av fellesskapet via offentleg eigarskap eller regulering. Marknaden og marknadskreftene må også regulerast for å unngå utbytting av natur og menneske, for å hindre skadeleg spekulasjon og for å sikre konkurranse på rettferdige vilkår. Ein grøn økonomi kan ikkje vere avhengig av å vekse. Miljøpartiet Dei Grøne støttar ein aktiv og rettferdig fordelingspolitikk for å sikre sosial utjamning, og førebygge ytterlegare rovdrift på naturen. Vi understrekar at Noreg er blant landa som må redusere sitt økologiske fotavtrykk kraftig, både for å ta vare på naturen og for å gje rom for naudsynleg velstandsauke blant verdas fattige.

---

## 4 EIT LEVANDE DEMOKRATI

Miljøpartiet Dei Grøne står for eit deltagande demokrati der alle individ og grupper setjast i stand til og ser nytta av å engasjere seg for si eiga og fellesskapet si framtid. Vår tru på demokratiet er basert på ei erkjenning av at alle individ er likeverdige. For å fremje politisk forplikting, må dei politiske prosessane vere demokratiske, inkluderande,

gjennomsiktige og mest mogleg tilgjengelege for folk flest.

For å sikre demokratisk engasjement og deltaking, bør beslutningsmyndigheita ligge på det lågaste effektive nivået. Vi aksepterar større regionale skilnadar basert på folkelege ynskje, men innser at staten må setje normer for saker som sikrar for eksempel biologisk mangfald. Miljøpartiet Dei Grøne anser i mange saker direktedemokratiske prosessar og folkeavstemningar som gode verkemiddel for å sikre lokal variasjon, best moglege løysingar og stort mogleg folkeleg deltaking.

Demokrati handlar om meir enn stemmerett, og forutset ei spreiling av makt. Demokrati utøvast gjennom deltaking, men òg gjennom eigarskap. Det er viktig med fleire forvaltningsnivå og at eigedom og kapital er fordelt på flest mogleg. Dette vil hindre maktkonsentrasjon i samfunnet.

Urfolk har rett til sjølvbestemming, landrettar og rett til vern mot diskriminering. I Noreg støttar Miljøpartiet Dei Grøne difor ei styrking av Sametinget, samt arbeid som gjev samisk kultur- og næringsliv gode utviklingsmoglegheiter.

#### **Støtte til demokratisk utvikling**

Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeide for å styrke demokratiet i heile verda, og vil saman med våre systerparti kjempe for auka folkestyre i alle land. Betydelege delar av jorda si befolkning lever i land med udemokratiske regimer, der menneskerettsbrot og sensur høyrer til kvardagen. Også demokratiske land kan pregast av mediekonsentrasjon, systematisk diskriminering og valsysteem som gjer rommet for nye idear mindre.

## **5 EIN AKTIV FREDSPOLITIKK**

Miljøpartiet Dei Grøne legg ikkjevaldsprinsippet til grunn for alle område av politikken. Økologisk og sosial bærekraft, demokrati og menneskeverd førebygger konflikter gjennom fjerning av strukturell vald i fredstid. Ikkjevaldeleg motstand og dialog er eigna verktøy til å dempe og løyse konflikter når dei oppstår. Det er mogleg å utvikle ein ikkjevaldskultur der behovet for valdsmakt er redusert til eit minimum, og krig betraktast som usivilisert.

Auka internasjonal samhandling gjennom, blant anna, kulturell globalisering, digital kommunikasjon og sterkare internasjonale institusjonar kan vere viktige steg på veggen. Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeide for ein aktiv norsk fredspolitikk i internasjonale fora.

Som fredsparti anerkjenner vi samstundes at fred er meir enn fråver av krig. Når regimer utset sine eigne borgarar for folkemord og tilsvarande brotsverk mot menneskeheita, har verdssamfunnet rett og plikt til å gripe inn. Noreg har eit moralsk ansvar for å støtte ikkje-valdelege og pro-demokratiske rørsler retta mot autoritære regimer.

#### **Bruk av militærmaukt**

Bruk av militære metodar er basert på valdsbruk som, i seg sjølv, er skadeleg og nedverdigande. Militære middel må difor i tråd med FN-pakta vere absolutt siste utveg, og kombinerast med sivil, ikkje-valdeleg og humanitær innsats, også i etterkant. Norsk

deltaking i internasjonale militære operasjonar må vere oppfordra av eit FN-mandat, og det må føreligge semje om at føremålet er å redde og beskytte liv gjennom å hindre ytterlegare valdsbruk. I tilfelle der verdssamfunnet grip inn militært, er vi forplikta til å følge opp arbeidet med å sikre fred og stabilitet. Miljøpartiet Dei Grøne vil ha ein strengt restriktiv politikk for våpeneksport frå Noreg.

#### **Eit meir demokratisk FN**

Miljøpartiet Dei Grøne set omsynet til det globale fellesskapet høgare enn nasjonale interesser. Vi anerkjenner at internasjonale organ trengst for å løyse overnasjonale oppgåver og meinar at FN må styrkast. Noreg må arbeide for eit meir demokratisk FN, der viktige internasjonale spørsmål ikkje styrast av nasjonale eller kommersielle interesser. Miljøpartiet Dei Grøne støttar ikkje norsk deltaking i offensivt retta militære alliansar.

## **6 LIKE MOGLEGHEITER FOR ALLE**

Rettferdig fordeling mellom individ, lokalsamfunn, grupper og land er ein føresetnad for å gje alle menneske moglegheita til å leve rike, trygge og frie liv. Jamn fordeling av godene er naudsynleg for å sikre økologisk bærekraft, livskvalitet og fredeleg samkvem mellom ulike land og nasjonar. Det er eit særskilt offentleg ansvar å sikre alle menneske tilgang til rent vatn, sunn mat og frisk luft. Alle skal ha rett til ein heim og grunnleggande materiell tryggleik. Miljøpartiet Dei Grøne ser prinsippa bak den nordiske velferdsmodellen som eit verdifullt grunnlag å bygge vidare på.

#### **Arbeid**

Bruken av våre arbeidsdugleikar gjev oss moglegheita til å nyte utbyttet av våre evner, og utgjer difor ein viktig del av vår identitet. I ein grøn økonomi er det rom for å redusere arbeidstida for den einskilde. Miljøpartiet Dei Grøne vil jobbe for eit fleksibelt arbeidsliv som tek omsyn til omsorgsoppgåver i heimen, samstundes som vi vil verne om grunnleggande faglege rettar, som organisasjonsfridom. Miljøpartiet Dei Grøne er opptekne av å utvikle arbeidsplassar som ivaretak behovet for eit samfunn i økologisk balanse.

#### **Oppvekst og utdanning**

Samfunnet si viktigaste oppgåve er å sikre at barn og unge utviklar seg til skapande menneske med sjølvtillit og sjølvinnnsikt, og med forståing og vilje til å ta ansvar for seg sjølv og sine omgjevnadar. Vår oppvekstpolitikk skal gje dei føresette fleksibilitet til å ivareta det einskilde barn sine behov, og ein grunnleggande rett til å overføre kunnskap til komande generasjonar. Ein trygg oppvekst legg det avgjerande grunnlaget for eit godt liv. Barnet sine behov for tryggleik og kjærleik, samt fråver av overgrep og forsømming må alltid prioriterast framfor andre omsyn.

Ein god offentleg skule skal vere hjørnestenen i skulesystemet, og tilby både pedagogisk mangfold og tilrettelegging for det einskilde barn. Nærskuleprinsippet er eit viktig utgangspunkt for at barn med ulik bakgrunn skal møtast og lære å respektere kvarandre. Vi ser samstundes verdien i pedagogiske alternativ utanfor den offentlege skulen, og meinar at desse er viktige bidrag for å ivareta alle sine behov. Ein god skule er basert på anerkjenning av barnet som sjølvstendig individ. Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer ein skule

som stimulerer til samfunnskritisk tenking og som legg stor vekt på praktiske dugleikar og erfaringar. Skulen er også ein eigna arena for å lære barn medmenneskelegdom, toleranse, empati og ikkje-vald.

### **Helse og omsorg**

Helsetenester må vere likt tilgjengeleg for alle, og difor, i hovudsak, gratis og offentleg finansiert. Miljøpartiet Dei Grøne vil legge til rette for balanse mellom omsorg i heimen og gode institusjonar. Førebyggande helsearbeid, kunnskap om mat, trening og medisin skal vere tilgjengeleg for alle. Eldre og pleietrengande skal, so langt det lèt seg gjere, kunne velje kvar dei vil bu og kva slags hjelp dei vil ha. Miljøpartiet Dei Grøne anerkjenner behovet for auka frivillig deltaking, frå både enkeltpersonar og sivilsamfunnet. Frivillig arbeid som inneber omsorg skal ikkje medføre tap av inntekt.

### **Kulturlivet**

Kulturlivet er eit grunnleggande element i samfunnslivet, som kan berike, avspegle og problematisere samfunnet si fortid, samtid og framtid, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. For å støtte eit aktivt kulturliv krevjast ein kulturpolitikk som opnar opp for mangfald og ulikskap. Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeide for eit kulturliv og ein kulturpolitikk med aksept og rom for skilnadane som eksisterer i eit moderne interkulturelt samfunn.

### **Infrastruktur**

Miljøpartiet Dei Grøne vil jobbe for at grunnleggande infrastruktur som for eksempel breiband, veg, tog, straum og post tilretteleggast meir fleksibelt, basert på lokale ressurser, behov og moglegheiter slik at vi kan halde ved lag busetjing og samferdsel i heile landet. Denne tilrettelegginga må skje innanfor berekraftige økologiske rammer.

### **Landbruk**

Bønder skal sikrast landrettar, tilgang til vatn, råderett over eigne frø og rett til å selje varer. Vi bygger vår politikk på prinsippet om matsuverenitet. I Noreg skal ingen kunne ta patent på genmanipulerte organismar, såkorn, frø eller andre biologiske produkt som er meint å dekke vårt grunnleggande behov for mat.

---

## **7 DIGITALE RETTAR**

Miljøpartiet Dei Grøne vil hegne om alle allmenningar, ikkje berre dei fysiske. Internett, kultur og kunnskap er viktige globale allmenningar som må vernast mot alle inngrep. Ved hjelp av internett er det mogleg å skape ei verd der all kunnskap er fritt tilgjengeleg for alle, der landegrenser viskast ut, og antidemokratiske krefter ikkje lenger kan hindre folket sin tilgang til informasjon og moglegheit til å organisere seg.

### **Menneskerettar og internett**

Digitale rettar er alminnelege borgarrettar overført til den digitale sfæren. Retten til kunnskap, læring, deling, møteverksemrd, samt ytringsfridom, personvern og forbrukarrettar er rettar vi i Noreg er vand til, og tek for gitt. Det å ha høve til desse rettane er avhengig av fri tilgang på eit fritt, ope og nøytralt internett. Internett bør sjåast på som grunnleggande infrastruktur og vere tilgjengeleg for alle. Vi meinar difor at tilgang på internett er ein menneskerett.

## **Personvern**

Personvern og kommunikasjonsfridom må sikrast mot vilkårlege inngrep, både frå staten og frå andre borgarar. Overvaking og andre inngrep i borgarane sin kommunikasjon utan den einskilde sitt uttrykkelege samtykke, må berre skje når det føreligg konkret mistanke om kriminell åferd.

---

# **AVSLUTNING**

Miljøpartiet Dei Grøne erkjenner at vi ikkje har komplette løysinger på alle utfordringane vi står overfor. Vi inntek difor ei audmjuk og lyttande haldning overfor både fagkompetanse og sivilsamfunnet - som den internasjonale miljø-, freds- og solidaritetsrørsla - slik at vår politikk stadig kan utviklast i møte med ny innsikt og forståing.

---

---

mdg.no